

## Tromsøpalma veks sterkt

24.05.2009



Planta veks godt ved grusbana og i strandområdet. (Foto: Torfinn Myklebust)

**Den såkalla tromsøpalma er ikkje lett å ta knekken på. Det syner seg i Uskedalen. Ho veks sterkare og har spreidd seg meir enn før langs stranda.**

**Ved grusbanen er det rikeleg av denne skjermplanta. Og på fleire naboeigedommar er det også mykje av denne giftige planta, som visstnok skal vera komen til Tromsø frå Kaukasus.**



Det hjelp å slå ned planta nokre gonger om sommaren. (Foto: Torfinn Myklebust)

Enkelte hevdar forresten at denne planta som finst i Uskedalen har eit anna namn, men namnet skjemmer vel ikkje denne aggressive planta. Spørsmålet er heller om ein greier å utrydda dette framandelementet. Planta er ikkje lett å ta knekken på. Det vert hevda at ved å slå/kutta ho ned før ho får frø, kan vera bra, men slåing må gjerast fleire gonger om sommaren. Det må ikkje koma nye skot slik at det vert meir spreiding. Tydelegvis må akkurat det ha skjedd i fjor sidan ho har spreidd seg endå meir.

Dette er eit miljøproblem som kanskje det offentlege bør gjera eit forsøk på å samordna ei utrydding, slik det visstnok skal vera sett i gang av brunsnegelen. Kanskje kan miljøvernavdelingen i kommunen hjelpa til?!

t-